



Referat frå rådsmøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Digitalt møte, sjå teamslenke i invitasjon
Dato: Onsdag 19. april 2023 kl 1300 - 1500

Rådet vart kalla inn via møteinvitasjon i kalender den 6. mars, og det vart sendt ut sakspapir den 30. mars.

Desse møtte:

Vestland fylkeskommune	Stian Davies Opedal
HAFS Regionråd	Kjell Eide
Nordfjordrådet	Per Kjøllesdal
Sunnfjord kommune	Jenny Følling
Sogndal kommune	Vibeke Johnsen
Hyllestad kommune	Kjell Eide
Lærdal kommune	Jan Olav Fretland
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter	Morten Askvik
Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum	Erland Fagermoen
Biletkunstnarne i Sogn og Fjordane	Aud Hestenes
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, styret	Hanne B Oftedal

Frå administrasjonen:
Adm dir Jan Heggheim

Orienteringar i møtet:

Evaluering av organisasjonsstruktur
Grunnlag for budsjett 2023
Budsjettsøknad kulturdepartementet 2024
Strategiplan 2023 – 2026
Eventuell utskiljing av kunstsenterfunksjonen og konsekvensar for råd/styre.
Større byggeprosjekt, status

Kopi av presentasjon frå administrasjonen vert lagt ved møtoreferatet



Saker til handsaming:

Sak 1/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 2/2023 Val av møteleiar, sekretær og to personar til å skrive under møteboka.

Vedtak:
Som møteleiar vert vald Stian Davies Opedal
Som sekretær vert vald Jan Heggheim
Jenny Følling og Hanne B Oftedal vert valde til å signere møteboka.

Sak 3/2023 Årsmelding 2022/Årsrapport 2022

Årsmeldinga er styrets melding til omgjevnadene, med lovkrav til innhaldet.
Årsrapporten er administrasjonens melding til styre, råd og andre interessentar.
Denne rapporten skal gi eit meir fullstendig bilete av drifta.

Vedtak:
Rådet har ikkje merknader til årsmeldinga og årsrapport for 2022.

Sak 4/2023 Rekneskap 2022

Vedtak:
Rådet har ikkje merknader til rekneskapen for 2022

Sak 5/2023 Budsjett 2023

Vedtak:
Rådet har ikkje merknader til budsjettet for 2023

Sak 6/2023 Vedtekter

Vedtak
Rådet tek nye vedtekter til orientering. Styret ynskjer at det vert teke ein generell debatt med tanke på å få ei god ordning for kommunal representasjon etter at så mange som tre av dei vedtektsfesta regionråda truleg går saman til eitt.

Sak 7/2023 Val etter vedtektene

Stiftinga MiSF fekk melding 6. januar om vedtak i fylkestinget, med verknad frå 1. mai 2023:
Styremedlem og styreleiar: Ivar Kvalen (attvald)
Varamedlem: Frode Bøthun (attvald)
Styremedlem: Siri Sandvik (ny)
Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa (attvald)



Dette vedtaket er gjort etter dei vedtektene som var gjeldande då. Etterpå har vi fått nye vedtekter. I samråd med juridisk avdeling i fylkeskommunen blir valde varamedlemmer sett opp slik:

Andre vara: Frode Bøthun
Fjerde vara: Hilde Kvamsås Aa

Vedtak:

Rådet vel følgjande nye styremedlemmer etter innstilling frå valnemnda:

Nestleiar Gunhild Berge Stang, til 2024
Styremedlem Rune Hegrenes, til 2025
Styremedlem Magni Aa Berge, til 2025

Varamedlemmer:

Første vara: Hege Lothe
Tredje vara: Eli-Grethe Høyvik
Femte vara: Monica Finden

Nytt styre frå 1. mai 2023 blir i tråd med vedtaket følgjande:

Styreleiar: Ivar Kvalen
Nestleiar: Gunhild Berge Stang
Styremedlem: Siri Sandvik
Styremedlem: Rune Hegrenes
Styremedlem: Magni Aa Berge
Styremedlem: NN (valde av dei tilsette, ikkje klart på møtetidspunktet)
Styremedlem: NN (valde av dei tilsette, ikkje klart på møtetidspunktet)

Varamedlemmer:

1. Hege Lothe
2. Frode Bøthun
3. Eli-Grethe Høyvik
4. Hilde Kvamsås Aa
5. Monica Finden

Varamedlemmer for dei tilsette:

1. NN (vald av dei tilsette, ikkje klart på møtetidspunktet)
2. NN (valde av dei tilsette, ikkje klart på møtetidspunktet)

Jenny Følling
Digital signatur

Hanne B Oftedal
Digital signatur